


Til deg med privat infiltrasjonsanlegg

Er avløpet ditt grønt, gult eller raudt?

Veit du om avløpsanlegget ditt fungerer godt, om det treng vedlikehald eller må bytast ut? Dersom du har eit raudt eller gult avløp, bør du få hjelp av fagmann til å rette opp feil og manglar. Eller du må rett og slett byggje eit nytt anlegg for ikkje å forureine.



SJEKKLISTE FOR INFILTRASJONSANLEGG

Beskriving

1. Formaliteter

Kopi av utsleppsløyve skrive ut av kommunen eller fylkesmannen

Anlegget blir tømt med jamne mellomrom. Det er ingen merknader frå servicepersonell, slamtømmar eller kommunen

Dimensjonering: Det er samsvar mellom talet på bueingar eller personar i husstanden og opplysningane i utsleppsløyvet

Anlegget blir drive i samsvar med forskriftene. Vedlikehald av og tilsyn med anlegget med jamne mellomrom

2. Slamskiljar(ar)

Held faste partiklar og flyteslam tilbake frå avløpsvatnet

Både innløp og utløp og ev. skiljevæggar er synlege

Det er dykkar på utløpet

Taknedløp eller drenering er ikkje knytt til slamskiljaren

3. Infiltrasjonsarealet

Avløpsvatnet renn gjennom og blir reinsa i lausmassar/jord på staden

Det er ikkje utslag av vatn på bakken rundt eller nedanfor infiltrasjonsanlegget

Det veks ikkje tre eller store buskar på eller rett ved infiltrasjonsarealet

Kontrollpunkt for huseigar

4. Lokk

Kummar skal alltid vere sikra slik at personar ikkje kan falle nedi

Alle lokk er forsvarleg sikra

5. Fordelingskum eller pumpekum

Ein fordelingskum fordeler avløpsvatnet med naturleg fall i to infiltrasjonsrøyr.

Har du meir enn 2 røyr til grøft eller basseng, må du ha pumpekum.

Eg har pumpekum og hoppar over dei 3 neste spørsmåla

Det er ikkje meir enn 2 røyr ut frå fordelingskummen

Det er ikkje slam eller attgroing i fordelingskummen

Det renn vatn i alle røyr ut frå fordelingskummen

6. Tett tank

Det er nokså vanleg å ha tett tank for toalettavløp (svartvatn) i kombinasjon med infiltrasjon for anna vatn (gråvatn)

Eg har ikkje tett tank og hoppar over neste spørsmål

Nivåmålar/alarm for høgt vassnivå er installert i tanken og fungerer

Lov og rett:

Lov om forureining seier at ingen har lov til å forureine med mindre det er gitt løyve til det.

Forskrifta til lova om forureining seier at avløpsanlegg er søknadspliktige. Det er stilt ei rekkje sentrale krav til avløpsreinseanlegg i forskrifta. Nokre kommunar stiller òg lokale krav.

Du må syte for å ha eit gyldig utsleppsløyve og vedlikehalde anlegget ditt på ein slik måte at du ikkje forureinar.

Om brosjyren:

Kontrollpunkta gir ingen fullstendig kontroll med anlegget, men dei kan gje deg ein peikepinn om tilstanden til anlegget. Kommunen har ansvaret for å gjennomføre ein grundig kontroll.

Meir informasjon:

www.avlop.no
www.va-blad.no

GRØNT AVLØP

- Skriftleg utsleppsløyve frå kommunen
- Anlegg nyare enn 20 år
- Du har kryssa av på alle spørsmåla i sjekklista i denne brosjyren
- Serviceavtale med leverandør, røyrleggjar eller andre som kan dokumentere tilstanden i dag
- Alle kummar er forsvarleg sikra

GULT AVLØP

- Anlegget er eldre enn 20 år
- Anlegget har mangla dykkar på utløpet over tid
- Har infiltrasjon med fordelingskum (ikkje pumpe) og har meir enn 2 røyr til grøft eller basseng

RAUDT AVLØP

- Ikkje noko utsleppsløyve
- Ureinsa avløpsvatn frå WC blir ført direkte til sjø, elv, grøft, dreneringsrøyr eller liknande
- Problem som t.d. høg vasstand, flaum i kjellar eller utslag av vatn til terreng/kjellar?

HAR DU EIT GRØNT AVLØP?

Kan du setje kryss føre alle kontrollpunkta på sjekklista? Då treng du førebels ikkje gjere noko tiltak. Kommunen kan likevel komme til ein annan konklusjon etter eit fullstendig tilsyn. Hugs at alle anlegg krev årleg ettersyn og vedlikehald!

HAR DU EIT GULT ELLER RAUDT AVLØP?

Har du tomme felt i kontrollpunkta på førre sida?

1. Ta kontakt med kommunen for å høyre kva slags krav som blir stilte der du bur.
2. Kontakt ein entreprenør, røyrleggjar eller konsulent for praktiske råd og hjelp.
3. Send søknad til kommunen. Syt for å få eit skriftleg løyve.
4. Gjer endringar for eit betre miljø!



Tysvær kommune
Rådhusvegen 9, Pb. 94
5575 AKSDAL
Telefon: 52 75 70 00
post@tysver.kommune.no
www.tysver.kommune.no